



02 JUN 2014

Haugaland Kraft AS  
Postboks 2015  
5504 HAUGESUND

Vår dato: **26 MAI 2014**

Vår ref.: 201402103-7

Arkiv: 312

Sakshandsamar:

Dykkar dato:

Magne Geir Verlo

Dykkar ref.:

## **Haugaland Kraft AS**

### **Løyve til mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Krokavatnet i Litledalsvassdraget - Etne kommune - Hordaland**

Vi syner til dykkar søknad av 14.04.2014.

#### **Om søknaden**

Litledalsvassdraget har vore regulert sidan 1923. Haugland Kraft (tidlegare Haugesund Energiverk) har konsesjon seinast frå 23.08.1957 for regulering av mellom anna Krokavatnet i Litledalsvassdraget med 1,9 m.

I samband med ombygging av dam Krokavatn søker Haugland Kraft etter vassressurslova § 8 om å senke ein mindre del av Krokavatnet under lågaste regulerte vasstand (LRV) i perioden 12. mai – 30. oktober 2014.

For å gjennomføre ombyggingsarbeida må damfoten tørrleggast, og planane går ut på å senke eit vassareal på om lag 1600 m<sup>2</sup> nærmast dammen 4 m under LRV. Vasstanden i hovuddelen av Krokavatnet vert halden på LRV (kote 558,10) eller høgare ved hjelp av ein mellombels fangdam.

Søkjar meiner tiltaket ikkje vil påverke allmenne interesser i vassdraget.

#### **Høyring**

På grunn av det avgrensa omfanget saka har, er den ikkje lagt ut til offentleg ettersyn lokalt. NVE har sendt saka på høyring til lokale og regionale styremakter og vurderer dette som tilstrekkeleg for å ta stilling til søknaden. Det er motteke følgjande uttalar:

**Etne kommune** skriv i e-post av 13.05.2014 at kommunen ikkje har merknader til søknaden

**Fylkesmannen Hordaland**, brev 29.04.2014:

*"Fylkesmannen har ingen merknad til mellombels avvik frå manøvreringsreglementet i Krokavatn i perioden 12. mai til 30. oktober 2014 for vedlikehald av dam."*

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthuns gate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvieen 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

**Hordaland fylkeskommune, brev 06.05.2014:**

*"For Hordaland fylkeskommune er det viktig at kraftverka med tekniske anlegg vert halde i god teknisk stand. Den mellombelse senkinga er ikke venta å ha negativ innverknad på viktige regionale verdiar. Vi har slik inga merknad til at det vert gjeve løyve til ei mellombels senking av vasstand under LRV i Krokavatnet."*

**NVE si vurdering**

NVE kan gi løyve til avvik fra manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Ombygginga av dam Krokavatn skal gjennomførast som følgje av pålegg frå offentleg mynde.

Vassarealet på 1600 m<sup>2</sup> som skal senkast under LRV utgjer berre 0,2 % av vassarealet i Krokavatnet med vasstand på LRV. Senkinga under LRV vert såleis gjennomført i ein svært avgrensa del av vatnet og det midlertidige tiltaket vil etter NVE sitt syn få tilnærma ingen verknader for naturmiljøet i og omkring Krokavatnet.

NVE ser det vidare slik at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12, som skal leggast til grunn for vedtak knytt til naturinngrep, vert ivaretakne i eit løyve til omsøkte tiltak.

Den midlertidige fangdammen i Krokavatnet må byggast med utfylling av Stein-/grusmassar. NVE legg til grunn at eventuell forureining knytt til dette vert avklart med fylkesmannen.

**Konklusjon**

**NVE gjev løyve til at Haugland Kraft AS kan senke ein del av Krokavatnet under LRV frå dette vedtaket sin dato og fram til 30. oktober 2014. Løyve er gjeve i medhald av vassressurslova § 8.**

**Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:**

- Eventuelt krav til minstevassføring på utbyggingsstrekninga skal overhaldast i alle perioden..
- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt i god tid før nedtappinga startar.
- Instrument for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samstundes med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje alt er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 28.04.2008 for registrering av vasstand i reguléringsmagasin.
- Det skal utarbeidast ein plan som skildrar transport, handtering av avfall, bygging av fangdam og opprydding. Planen skal sendast til NVE sitt regionkontor i Førde som òg skal ha melding når arbeida er avslutta.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonären etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsetje tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føresetjar at Haugaland Kraft AS har ordna dei privatrettslige tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følgje av tiltaket.


## Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerdet til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjenvast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing



Rune Flatby  
avdelingsdirektør



Carsten Stig Jensen  
seksjonssjef

Kopi: Etne kommune, Postboks 54, 5591 ETNE  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN